

ÅRSMELDING 2020

HELSE FØRDE HF

Org.nr. 983974732

INNLEIING

Helse Førde HF og Helse Vest sin visjon er å fremje helse, meistring og livskvalitet. For å oppfylle visjonen skal Helse Førde tilby trygge og nære spesialisthelsetenester av høg kvalitet til innbyggjarane i tidlegare Sogn og Fjordane fylke. Hovudoppgåver som helseføretaket skal legge til rette for, planleggje, organisere og fremje er:

- pasientbehandling
- opplæring av pasientar og pårørande
- utdanning av helsepersonell
- forskning

Ansvar og oppgåver er tufta på helseføretakslova, spesialisthelsetenestelova, helselovgjeving om psykisk helsevern, lov om pasientrettar og anna lovgjeving som omtalar krav og føringar for verksemda. Den årlege drifta av føretaket vert gjort i samarbeid med eigar Helse Vest RHF. Gjennom styringsdokument og føretaksmøte set Helse Vest RHF rammer og krav for drifta av føretaket kvart år.

Helse Førde søkjer å løyse si samfunnsoppgåve gjennom samarbeid med:

- primærhelsetenesta og brukarane for å sikre eit heilskapleg helse- og sosialtilbod
- Helse Vest og dei andre føretaka, samt institusjonar og spesialistar vi har avtale med
- kommunar, fylkeskommunen og statlege organ
- universitet, høgskular og andre relevante institusjonar, samt næringslivet gjennom innovasjon.

Føretaket si verksemd er fordelt på mange stadar i fylket. Hovudkontoret er i Førde. Helse Førde HF er 100 prosent eigd av Helse Vest RHF med hovudkontor i Stavanger.

VERKSEMDA

Helse Førde HF yter helsetenester innan somatiske fagområde, psykisk helsevern og behandling av rusavhengige i fylket. Føretaket er økonomisk ansvarleg for pasientar busette i fylket, også om dei får behandling utanfor fylket. Helseføretaket har ansvar for drifta av ambulansetenesta i fylket, og for den medisinske delen av redningshelikopterbasen i Florø. For å ta i vare oppgåvene, har Helse Førde verksemd fordelt på mange ulike plassar. Helse Førde dekker ein stor del av tenestene. Førde sentralsjukehus er traumesjukehus, medan dei to somatiske lokalsjukehusa har tilpassa akutfunksjon (indremedisin og skadepoliklinikk). Større traumer går til Helse Bergen/Haukeland universitetssjukehus i tråd med regional avtale. Private avtalespesialistar gir eit tilbod innan nokre område, som auge, øyre-nase-hals og psykisk helsevern, og det er inngått avtale med desse.

Pasientbehandling

Helse Førde har levert godt på mange område når det gjeld kvalitet på tenestene i 2020. Dette til trass for utfordringar med pandemi. I mars kom nedstenginga, og alt som kunne vente av elektiv aktivitet måtte vente. Fram mot sommaren opna vi opp att, men smitteverntiltak og etterslepet frå nedstenginga har siste halvåret medført høgare ventetider enn vanleg. Det har vore ei gradvis betring, men ved utgangen av året ligg føretaket framleis for høgt. I tillegg har enkelte fagområde hatt utfordringar med fristbrot grunna den krevjande situasjonen. Helse Førde har hatt godt samarbeid med både kommunane i opptaksområdet vårt og dei andre føretaka i Helse Vest under heile pandemien.

Opplæring av pasientar og pårørande

Lærings- og meistringstilbod i Helse Førde ligg i samhandling og tverrprofesjonelle tenester. I samarbeid med dei kliniske avdelingane i føretaket har vi gitt tilbod om gruppebaserte opplæringstilbod gjennom ulike kurs og tilrettelagde tilbod for brukarar og deira pårørande/nærpersonar. Lærings- og meistringssenteret gir tilbod både på Nordfjordeid, i Lærdal, Florø og Førde. Under pandemien dette året har føretaket arbeidd vidare med å utvikle digitale kurstilbod. Høve til virtuell deltaking har gjort kurstilboda lettare tilgjengelege for einskilde pasientgrupper, og deira pårørande.

Lærings- og meistringstilboda famnar breitt og er aktuelle i alle delar av helsetenesta, frå førebygging til rehabilitering. Tilboda omfatter alt frå individuell pasient- og pårørandeopplæring til likepersonarbeid og ulike typar gruppetilbod, og er retta mot personar i ulike livsfasar og med ulike helseutfordringar. Målet er at auka kunnskap og erfaringsutveksling skal gjere brukarar betre i stand til å ta medvitne val i høve til eigen sjukdom og livssituasjon.

Utdanning av helsepersonell

Utdanningsoppgåva til helseføretaka blir stadig meir tydelege og omfattande. Mange yrkesgrupper har praksis og tek delar av utdanninga si i Helse Førde. Det er høge krav til gjennomføring og dokumentasjon av utdanningsløpa, med definerte læringsmål. Føretaket har fått ansvar for å utdanne legespesialistar som mellom anna har medført krav til rettleiarkompetanse, og der føretaket må dokumentere at vi fyller krava til utdanningsinstitusjon. Under pandemien har det vorte oppretta nye studentplassar m.a. for sjukepleiarar og fleire LIS-1-legar. Det er under innføring ny utdanningsform for bachelorstudentar som t.d. sjukepleiarar. Dette har ført til at Helse Førde tek imot fleire studentar enn nokon gong. Helse Førde er lærebedrift for helsefaglærlingar og andre lærlingar. I forhold til Høgskulen på Vestlandet har det i 2020 vorte arbeidd med å få på plass nye rammeavtalar for samarbeidet etter bestilling frå Kunnskapsdepartementet, og desse er framleis ikkje ferdige. Vi har fått på plass overordna avtale og avtale på nivå 2 om utdanning, og er i ferd med å slutføre rammeavtale for samarbeid om forskning og innovasjon. Det er under etablering eit prosjekt for å sjå på korleis eit felles Campus Vie kan realiserast. Universitetet i Bergen (UiB) har bede om at samarbeidet om å planlegge ny studieform for medisinarstudentar «Vestlandslegen» må starte opp. Målet er at dei siste tre åra av studiet skal føregå i Helse Førde, i eit tett samarbeid med UiB. Dette vil gje 10 nye studentar årleg, og samla 30 medisinarstudentar i Helse Førde til kvar tid. Samstundes skal vi halde fram med å ta imot dei medisinarstudentane vi har i dag.

Forsking

Forskning og innovasjon skal bidra til kunnskapsbasert praksis og forbedring i den kliniske kvardagen. Helse Førde har lenge lege lægst av føretaka i landet på andel avsett til forskning, men dei siste åra er det sett av meir og dermed har aktiviteten vorte trappa opp. I 2020 har Helse Førde vedteke ny forskings- og innovasjonsstrategi. Målet er at Helse Førde skal vere ein forskingsinstitusjon der forskning og innovasjon skal vere ein integrert og prioritert del av verksemda. HFD sine to strategiske forskingsatsingar, «Folkehelse, livsstil og overvekt» og «Psykisk helse og rus» har vorte evaluert og er beslutta vidareført. Det er også bestemt at det skal lysast ut ei tredje satsing. Vi har starta arbeidet med å bygge opp betre infrastruktur og ressursar knytt til legemiddelstudiar, som er eit nasjonalt satsingsområde. Dette arbeidet vil halde fram. Helseatlasteamet har ferdigstilt eitt atlas innan psykisk helsevern og rustenester, og er i gang med fleire atlas og forskning. Teamet deltek i eit nasjonalt arbeid som ser på konsekvensane av koronapandemien for helsebehov og tilbod.

Fag- og utviklingsavdelinga v/seksjon for forskning og innovasjon har oppgåver knytt til å vere pådrivar og initiativtakar for forskning og innovasjon. Seksjonen skal også gje støtte, forvaltning, rapportering og rettleiing og bidra til god kvalitet. Vi har felles forskingsleiar og samlokalisering med høgskulen. Arbeidet med å styrke innovasjonsaktivitetar held fram, og Helse Førde har felles rådgevar for innovasjon i samarbeid med HVL og Kunnskapsparken Sogn og Fjordane. Dette har resultert i fleire gode prosjekt og at vi har gjennomført vår andre helseinnovasjonskonferanse med over 450 deltakarar i 2020. Vi har også hatt eigen trainee som arbeider med innovasjon i 2020.

Utvikling

Det har vore høg aktivitet knytt til planlegging av, igangsetjing og oppfølging av dei ulike delprosjekta for Nye Førde sjukehus. Store delar av organisasjonen er involverte i å planlegge framtidens tenester og organisering mellom anna i regi av utviklingsprogrammet «Pasientens helseteneste og «Alle møter» programmet, og slik bidra til at arealutvikling og teknologi støttar opp om dette.

Bruk og innføring av teknologi er ein stor del av kvardagen i Helse Førde. I 2020 har psykisk helsevern innført nytt journalsystem DIPS Arena, og det er starta planlegging for å innføre systemet i heile somatikken i første del av 2022. Fleire andre journalsystem er parallelt under innføring. Klinisk personell må medverke for å få løysingane så gode som råd. Gjennom Alle møter-programmet har Helse Førde fått innført elektronisk innsjekk og betaling, som inneber at pasientane kan bruke automatar og eigne mobilar. Vi har starta innføring av elektroniske pasientkommunikasjon for personell «Pasientflyt og ressursar», som inneber at meldingar kan sendast elektronisk mellom avdelingar, og at personellet på avdelinga kan ha betre oversyn over pasientflyten. Dette arbeidet er berre i startgropa. Brev til pasientane skjer no digitalt, og det har vorte gjort tilgjengeleg fleire nye brev og meldingar på Helsenorge.no i løpet av 2020.

Føretaket har i 2020 arbeidd mykje med LIBRA, som er eit felles program i Helse Vest for å betre støttetjenesta innanfor fagområda budsjett, anskaffingar og kontrakt, innkjøp og logistikk, rekneskap og styringsinformasjon/felles register. I 2019 innførte vi SAP rekneskapssystem, i 2020 har føretaket arbeidd med innføring av innkjøp og logistikksystemet som vart tatt i bruk 1. mars 2021. Samla vil innføring av LIBRA i Helse Førde føre til endra arbeidsprosessar og ny oppgåvefordeling.

Helse Førde har eit mål om å vri verksemda mot meir poliklinisk verksemd, meir dagbehandling og kortare opphald i sjukehuset, samt auke bruken av video- og telefonkonsultasjonar. Ei vridning til poliklinisk verksemd frå døgn- og dagbehandling gjev lågare inntekter. Det fører til at føretaket må

justere drifta slik at kostnadene blir lågare på sikt. Slikt arbeid tek tid og er difor innarbeidd i utviklingsplanen og framtidige budsjett.

Helse Førde har oppnådd gode resultat på mange kliniske område og har kontroll over den økonomiske utviklinga. Administrerande direktør vil likevel presisere at det er nødvendig å skape varige positive resultat for å kunne gjennomføre nødvendige investeringar i bygg, medisinskteknisk utstyr og IKT-løysingar som samla legg til rette for god og effektiv pasientbehandling. Arbeidet med å effektivisere og tilpassa drifta er derfor eit kontinuerleg arbeid.

AKTIVITET

Aktivitet somatisk verksemd

Dei somatiske avdelingane hadde ein reduksjon frå 15 551 heildøgnsopphald i 2019 til 14 364 opphald i 2020, som er ein nedgang på 7,6 prosent. Tilsvarande vart tal dagbehandlingar redusert frå 5 289 i 2019 til 5 184 i 2020. Dette er ein reduksjon på 2,0 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar med rett til refusjon hadde ein reduksjon frå 125 787 i 2019 til 119 693 i 2020, som er ei nedgang på 4,8 prosent.

Samla DRG-poeng i samsvar med eigaransvaret i våre sjukehus i 2020 vart 26 775 poeng. Dette er ein nedgang på 4,5 prosent samanlikna med 2019. DRG-årsproduksjon var då på 28 044 DRG-poeng.

Aktivitet psykisk helsevern og spesialisert behandling av rusavhengige

Psykisk helsevern for vaksne hadde ein reduksjon frå 18 606 liggedøgn for innlagde pasientar i 2019 til 16 573 liggedøgn i 2020. Nedgang er på 10,9 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar med rett til refusjon vart redusert frå 24 329 i 2019 til 22 910 i fjor, som er ein reduksjon på 5,8 prosent. Samla DRG-poeng i samsvar med eigaransvaret i sjukehusa våre i 2020 vart 3 270 poeng. Dette er ein nedgang på 6,7 prosent samanlikna med 2019 då DRG-årsproduksjon var på 3 506 DRG-poeng.

Psykisk helsevern for born og unge hadde ein reduksjon frå 1 357 liggedøgn for innlagde pasientar i 2019 til 1 226 liggedøgn i 2020, som er ein nedgang på 9,7 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar med rett til refusjon vart redusert frå 16 991 i 2019 til 16 934 i 2020, Dette er ein reduksjon på 0,3 prosent. Samla DRG-poeng i samsvar med eigaransvaret i våre sjukehus i 2020 vart 5 882 poeng. Dette er ein auke på 7,5 prosent samanlikna med 2019 då DRG-årsproduksjon var på 5 471 DRG-poeng.

Tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengige hadde ein reduksjon frå 7 312 liggedøgn for innlagde pasientar i 2019 til 6 308 liggedøgn i fjor. Nedgangen er på 13,7 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar med rett til refusjon vart redusert frå 2 785 i 2019 til 2 680 i 2020, ein nedgang på 3,8 prosent. Samla DRG-poeng i samsvar med eigaransvaret i våre sjukehus i 2020 vart 379 poeng. Dette er ein nedgang på 2,3 prosent samanlikna med 2019 då DRG-årsproduksjon var på 388 DRG-poeng.

ARBEIDSMILJØ OG MEDARBEIDARAR

Helse Førde skal vere ein framtidretta kompetanseorganisasjon. Føretaket er avhengig av stabil arbeidskraft med ulike type kompetanse. Skal vi greie å konkurrere om arbeidskrafta framover, må Helse Førde bli oppfatta som ein attraktiv, lærande og utviklande arbeidsplass.

Sjukefråvær

Føretaket er med i ordninga om inkluderande arbeidsliv. Gjennomsnittleg sjukefråvær i Helse Førde i 2020 var 6,6 prosent. Sjukefråværet året før var på 6,4 prosent. Sjukefråværet varierer litt mellom dei ulike verksemdområda. Skilnaden i sjukefråvær frå 2019 til 2020 er stort sett knytt til pandemien, der karantene knytt til mogeleg smitte utgjer eit stort tal dagar totalt. Utrekingar syner at sjukefråværet utan fråvær knytt til covid-19 er lågare i 2020 enn i 2019. Alvorlege arbeidsuhell er ikkje rapportert i 2020.

Tiltak mot diskriminering

I stillingsannonsane tydeleggjer Helse Førde målet om at verksemda så langt råd er skal spegle mangfaldet i samfunnet. Det er difor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetnad, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarakgrunn. I tilsetjingssaker har Helse Førde nedfelt i personalpolitiske retningsliner at den beste søkjaren frå det underrepresenterte kjønnnet bør kallast inn til intervju når søkjaren fyller kvalifikasjonskrava, og utveljinga elles ville føre til at berre søkjarar av eine kjønnnet ville verte kalla inn. I tillegg bør begge kjønn vere representerte i intervjupanelet. Helse Førde har eit særskilt fokus på å rekruttere inn kvinner i leiarstillingar på direktør- og avdelingssjefs nivå.

Likestilling

Helse Førde har som mål å ha 40 prosent representasjon av det underrepresenterte kjønnnet på alle leiarnivå i organisasjonen, i faste og mellombelse råd og utval på alle nivå.

I 2020 har styret vore sett saman av fem kvinner og seks menn. Dei faste medlemene i føretaksleiinga består av sju menn og fem kvinner. Målet er minst 40 prosent av kvart kjønn.

Helse Førde skal vere ein arbeidsplass med full likestilling mellom kvinner og menn. Føretaket har innarbeidd rutinar knytt til likestilling med sikte på at det ikkje skal skje forskjellsbehandling grunna kjønn i saker som for eksempel løn, avansement og rekruttering. Føretaket rekrutterer fleire yrkesgrupper som i utgangspunktet har skeiv fordeling mellom kjønna (sjukepleiarar, hjelpepleiarar, helsesekretærar, reinhaldspersonale osv.) Dette medfører at kvinner og menn ikkje er likt representerte verken totalt sett eller innanfor dei ulike yrkesgruppene.

I føretaket er det tilsett totalt 2212 kvinner (73,0 prosent) og 817 menn (27,0 prosent).

Fordeling mellom deltid og fulltid

Fordeling mellom fulltidstilling og deltidsstilling fordeler seg slik, når vi ser på juridisk stillingsprosent:

	2020	Prosent	2019	Prosent
0-kontrakter	554	18,3	560	18,6
Deltid	669	22,1	695	23,1
Fulltid	1806	59,6	1758	58,3

(*) 0-kontrakter er tilsette som ikkje har ein juridisk stillingsprosent i Helse Førde. Dette er mellom andre helsepersonell (legar, sjukepleiarar) som jobbar fast i andre helseinstitusjonar, men tar periodevise oppdrag i Helse Førde. I tillegg kjem tilkallingshjelp og enkelte ferievikarar i denne gruppa.

Fordeling mellom fulltidstilling og deltidsstilling fordeler seg slik, når vi ser på faktisk arbeid stillingsprosent:

	2020	prosent	2019	prosent
0-kontrakter(*)	112	4,7	102	4,5
Deltid	584	24,8	597	26,1
Heiltid	1662	70,5	1586	69,4

Årsaka til at Helse Førde har færre som faktisk arbeider fulltid enn dei som har juridisk 100 prosent stilling, er at tilsette har fått permisjon frå ei 100 prosent stilling.


Fordeling mellom heil- og deltidsstilling fordelt på kjønn i 2020 (faktisk arbeid stillingsprosent):

	Kvinner	prosent	Menn	prosent
0-kontrakter(*)	72	4,2	40	6,1
Deltid	499	29,2	86	13,2
Heiltid	1136	66,6	526	80,7

Føretaket er av den oppfatning at det høge talet på deltidsstillingar i stor grad skuldast ønskje frå dei tilsette. Likevel er det innanfor nokre yrkesgrupper fleire som ønskjer fulltid.

Inkludering og mangfald

Helse Vest har sett eit mål om at minst 10 prosent at våre medarbeidarar skal ha ein ikkje-norsk bakgrunn. Per 2020 har 14,4 prosent av medarbeidarane våre ein annan etnisk bakgrunn enn norsk. Dette er om lag likt med 2019.



MILJØRAPPORTERING

Helse Førde er miljøsertifisert etter ISO 14001. Dette skal sikre at miljøomsyn kjem inn i dei daglege rutinane, og slik redusere miljøpåverknaden frå drifta. Føretaket er aktivt med i det regionale miljønettverket i Helse Vest for å følgje opp krav og pålegg som kjem frå nasjonalt og regionalt hald. Helse Førde har hatt både ekstern og intern revisjon i 2020. Føretaket vart resertifisert. Den interne revisjonen såg på miljøaspektet i innkjøpssystemet vårt. Det er etablert samarbeid med Sjukehusinnkjøp og interne prosedyrar er oppdaterte som følgje av dette. Vi skal ha høgt medvit om det blir teke omsyn til miljø og etisk handel når kontraktar vert lyste ut anten nasjonalt, regionalt eller lokalt.

Drifts- og eideomsavdelinga har følgd opp miljømål og konkretisert måltal slik at dei korresponderer med dei sentrale måla til Helse Førde. Mellom anna har avdelinga hatt spesielt fokus på energibruk, avfallsortering og alternativ til bilkøyning.

Energibruk

Energibruken i føretaket varierer med utetemperaturen gjennom året og mellom år. I 2020 hadde Helse Førde eit totalt energiforbruk på 21 175 500 kWh. Det er ein nedgang på 253 000 kWh fra 2019, som er en reduksjon på 1,2 prosent. I 2020 vart det laga til kjøling på høgblokka i Førde. I tillegg vart kjøleproduksjonen vår lagt om frå eiga kjølemaskin til fjernkjøling frå Førdefjorden energi. Dette har ført til eit meirforbruk på ca. 200 000 kWh. Det vil sei at utan denne omlegginga så hadde vi hatt en nedgang på 453 000 kWh, som svarar til 2,1 prosent.

Det er utarbeidd ein 5-årsplan for kvar avdeling som omhandlar tiltak og investeringar som inneheld energisparing. Dei største prosjekta er nye energisentralar med varmepumper i Lærdal, Sogndal og på Tronvik, samt omlegging av kjøling frå elektrisk til fjernkjøling frå Førdefjorden Energi. Ambisjonen er å spare 4 600 000 kWh i løpet av 5 år. Etter fire år har vi spart totalt 2 454 000 kWh.

Avfall

Helse Førde har som mål å auke kjeldesortert avfall. Det er difor restavfallet føretaket har fokus på, då anna avfall varierer med aktiviteten. Målet til Helse Førde er ein nedgang på 2 prosent per år. Førebels ser det ikkje ut til at vi når målet om 2 prosent reduksjon, men det er i gang etablering av rammeavtale på avfall og tanken er at det vil hjelpe oss i å nå nemnde målsetting. Elles vert dette følgd opp som intern rapportering.

FRAMTIDIG UTVIKLING HELSE FØRDE

Føretaket budsjetterer med eit resultat på 34 millionar kroner i 2021.

I 2020 har føretaket arbeidd med mange prosjekt for å betre og tilpasse pasientforløp og pasientbehandlinga. Arbeidet blei i hovudsak organisert som underdelar av programmet «Pasientens helseteneste». Programmet, som blei oppretta i 2016, dannar grunnlag for utviklinga av tilbudet av spesialisthelsetenester i fylket og investeringar som skal gjerast i samband med det. Det er i 2020 gjort mykje arbeid både innan organisasjonsutvikling og investeringar i utstyr og bygningsmasse for å sikre drifta framover. Arbeidet med å sikre pasienttryggleik og kvalitet held fram også i 2021.

Ved inngangen til 2021 er spesialisthelsetenesta framleis prega av pandemien. Vi må forvente stort press på tenestene i sjukehusa også gjennom 2021 som følgje av dette. Førsteprioritet er til kvar tid å gi pasientane god behandling, ha rett og nok bemanning, samt utstyr. Samhandling har vore og vil framleis vere ein føresetnad for å gje så gode tenester som råd til innbyggjarane. Dette gjeld både internt mellom leiinga, tillitsvalde og verneombodet, samt på tvers av dei ulike einingane og fagmiljø. Vidare vil god samhandling mellom føretaka i Helse Vest, primærhelsetenestare og styremaktene framleis vere ein viktig føresetnad for å gje best mogleg tenester.

Framleis drift

Styret stadfester at føresetnaden for framtidig drift er til stades i samsvar med paragraf 3-3 i rekneskapslova. Til grunn for dette ligg at staten har gitt 100 prosent driftsgaranti for helseføretaka, og at føretaket er tilfredsstillande finansiert. Helseføretakslova paragraf 5 seier at det ikkje kan opnast konkurs i helseføretaka. Etterspurnaden etter helsetenester vil ikkje bli mindre framover, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Verksemda har såleis eit godt fundament for framtidig aktivitet, også sett i lys av at gjeldande pasientlovgeving gjev pasientane rett til helsehjelp innan gitte fristar.

REKNESKAPEN

Omsetnaden i Helse Førde var 3 milliardar kroner i 2020. Driftsresultatet var positivt med 111,9 millionar. Resultatet etter finanspostar var positivt med 112,7 millionar kroner. Det er 76,7 millionar betre enn resultatkravet på 36 millionar. Hovudårsaka er at dei økonomiske effektane knytt til pandemien ikkje har vore like store som ekstraløyvingane. Dette må føretaket ta høgde for når vi vurderer dei økonomiske konsekvensane av pandemien i 2021.

Drifta av føretaket gav ein positiv kontantstraum på 186,6 millionar kroner. Utover dette hadde føretaket negativ kontantstraum på 354,1 millionar på investeringsområdet. Det er ein positiv kontantstraum frå finansaktivitet på 175,2 millionar. Samla gav dette ein positiv kontantstraum på 7,7 millionar.

Ved utgangen av året hadde føretaket likviditetsreserve på 443,5 millionar som fordelar seg med 72 millionar i likvide midlar og 371,5 millionar i unytta trekkramme.

Helse Førde HF følgjer norsk rekneskapslov. Inntekter og kostnader er dermed tidsavgrensa og justert for usikre høve.

Totalkapitalen var ved utgangen av 2020 er på 2,39 milliardar kroner mot 2,13 milliardar kroner per utgangen av 2019. Eigenkapitalen per 31.12.2020 er 1,17 milliardar eller 49,1 prosent av totalkapitalen, mot tilsvarende 1,06 milliardar og 49,8 prosent av totalkapitalen per 31.12.2019.

Framlegg til disponering av overskotet

Styret foreslår at overskot for året vert brukt på følgjande måte:

<u>Overført til annan eigenkapital</u>	<u>112.157.169</u>
<u>Sum disponering av årsoverskot</u>	<u>112.157.169</u>

Førde 26.03.2021

Styret for Helse Førde HF

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar i styret

Reidar Sandal
Styremedlem

Aud Ingrid Espeland
Styremedlem

Ole Gunnar Krakhellen
Styremedlem

Thomas Vingen Vedeld
Styremedlem

Ivar Eriksen
Styremedlem

Randi Aven
Styremedlem

Lena Thorsnes
Styremedlem

Kari Sunde Kvile
Styremedlem

Ole Magnus Kapstad
Styremedlem

Arve Varden
Dagleg leiar